
Saksnr: 2021/4203-2
Saksbehandlar: Anne-Lene Norman

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.04 2021

Høyring NOU 2020: 16 Levekår i byer. Gode lokalsamfunn for alle.

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at NOU 2020:16 Levekår i byer. Gode lokalsamfunn for alle. bidreg med mange interessante perspektiv og viktig kunnskap som er relevant for folkehelsearbeidet i byar-/bykommunar.
2. Ved regionreforma pr 1. januar 2020 vart fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar framheva som vesentleg. Vi kan ikkje sjå at denne rolla er vurdert og omtala i nemnande grad. Vi vil peike på at fleire av dei utfordringane som er utgreidd fell innanfor område der fylkeskommunen har verkemiddel og kompetanse til å bidra. Vi meiner utgreiinga ville ha vore styrka dersom dette vart innarbeidd.

Samandrag

Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt NOU 2020:16 Levekår i byer. Gode lokalsamfunn for alle på høyring med høyringsfrist er 30. april d.å. Utvalet har utgreidd levekårs- og integreringsutfordringar i byområde, og har gitt ei faktabasert situasjonsbeskriving om konsentrasjon av levekårsutfordringar i og rundt dei store byane i Norge, og har drøfta konsekvensar av opphoping av levekårsutfordringar både på individ- og samfunnsnivå.

Fylkesrådmannen saknar ei omtale av fylkeskommunen si rolle i utgreiinga. Dette gjeld til dømes:

- rolla som samfunnsutviklar
- som ein av dei viktigaste samarbeidspartnarane for kommunane når det gjeld å skape gode lokalsamfunn
- nye ansvarsområde som eit resultat av regionreforma.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

NOU 2020: 16 *Levekår i byer* (heretter NOU 16) **del I** handsamar *segregering* som *opphoping* i ei tredimensjonal forståing; opphoping av personar i visse byområde med sosioøkonomiske- og dermed ofte levekårsutfordringar, opphoping av personar med innvandrarakgrunn, og intern opphoping av personar med ulike etnisitet. I høyringa skal vi ha perspektivet segregering som: opphoping av personar med innvandrarakgrunn knytt til levekårsutfordringar. NOU 16 har søkelys på dei større byane i Norge når det gjeld forslag til endring av strategiar, eksisterande verkemiddel og forslag til nye tiltak; Bergen, Drammen, Oslo, Stavanger og Trondheim. By- og levekårsutvalet legg eit velferdsperspektiv til grunn for arbeidet, med sosial utjamning som ledestråd.

NOU 16 viser til at segregering og levekårsproblem hopar seg opp i visse byområde. Utfordringane i desse områda er ofte samansette og kan, mellom anna, skuldast at mange er arbeidsledige, har låg inntekt, låg utdanning, dårlege norskkunnskapar, tronge bustadar og/eller dårleg helse. Samstundes er det lite kontakt mellom folk i nokre lokalsamfunn. Lokale arenaer og tenester, som fritidstilbod, barnehagar og skular, fungerer ikkje alltid så godt som ønskjeleg.

Segregerte byar kan gjere det vanskeleg å nå sentrale samfunns mål. Slike mål kan vere at alle skal kunne leve gode liv, at folk skal delta/føle seg delaktige i samfunnet, og at alle skal vere del av trygge og inkluderande nærmiljø. Oppvekstmiljøet har mykje å seie for barn sine sjansar i livet. By- og levekårsutvalet fekk i oppdrag å beskrive situasjonen, drøfte årsaker og konsekvensar, vurdere dagens verkemiddel på området og føreslå nye strategiar og tiltak.

Utgreiinga sin **del II** gjer greie for segregering, opphoping av levekårsutfordringar i dei store byane og situasjonen i utsette område i desse byane. I **del III** vert mogelege årsaker og konsekvensar av segregering og opphoping av levekårsutfordringar drøfta. I **del IV** gjer utvalet greie for politikk og relevante verkemiddel. Utvalet vurderer dagens politikk på området og rår til endringar i strategiar, eksisterande verkemiddel og rår også til nye tiltak.

I Bergen fekk utvalet presentasjonar i høve områdesatsingar; Ny-Krohnborg skole og senter, Slettebakken bomiljøprosjekt, tilbodet ved «Femmeren», og open barnehage og fritidstilbod i regi av Way Forward.

Forslag til tiltak - NOU 16, Del IV Strategier og tiltak

Kapittel 12 Arbeid, likeverdige tjenester og kommunens økonomi, s. 153

- 12.6.1 Gode vilkår for arbeidsinkludering i offentlig sektor*
- 12.6.2 Lokalt tilpassede arbeidsmarkedstiltak i utsatte områder*
- 12.6.3 Koordinert innsats for næringsutvikling i utsatte områder*
- 12.6.4 Kompensere for høye utgifter i utsatte byområder gjennom inntektssystemet*
- 12.6.5 Levekårsdata og indikatorer på områdenivå*
- 12.6.6 Koordinerende statlig enhet*

Kapittel 13 Barnehage, skole og andre tjenester til barn og unge, s. 175

- 13.4.1 Ingen skal betale meir enn en viss andel av inntekten sin til barnehage og SFO*
- 13.4.2 Gratis heltidstilbud i barnehage for alle fire- og femåringer*
- 13.4.3 Avvikle kontantstøtten helt eller omgjøre den til ventestøtte*
- 13.4.4 Endre opptaksreglene til barnehage*
- 13.4.5 Auke grunnbemanningen og pedagogtettheten i barnehager i levekårsutsatte områder*
- 13.4.6 Forsøk med obligatorisk, gratis heldagsskole*
- 13.4.7 Fastsette sosioøkonomiske kriterier for lærernormen*
- 13.4.8 Utrede konsekvenser av nærskoleprinsippet*
- 13.4.9 Innføre et tilbod om et ekstra skoleår etter grunnskolen*
- 13.4.10 Videreføre fylkeskommunens mulighet til å velje inntaksmodell til videregående opplæring*
- 13.4.11 Utrede inntaksmodeller for videregående opplæring*
- 13.4.12 Styrke familievernkontor*

Kapittel 14 Byutvikling og bolig, s. 202

- 14.6.1 Føringer for en sosialt balansert byutvikling*
- 14.6.2 Mulighet til å stille krav om boligens disposisjonsform i arealplaner*
- 14.6.3 Redusere kostnadene ved å kjøpe kommunale boliger i områder med høye boligpriser*
- 14.6.4 Bedre muligheter for boligeie for lavinntektsfamilier i ulike deler av byen*
- 14.6.5 Kvalitetssjekk av utleieforhold med husleiestøtte*
- 14.6.6 Utrede bostøtten til barnefamilier i byene*
- 14.6.7 Utvide bomiljøtilskuddet til andre levekårsutsatte områder*

Kapittel 15 Områdesatsing, s. 223

15.5.1 Opprette to nye tilskuddsordninger og avvikle de eksisterende
15.5.2 Bedre effektstudier av områdesatsinger
Kapittel 16 Fritid, deltakelse og lokalsamfunn, s. 248
16.5.1 Styrke tilbudet til ungdom - fritidsaktiviteter, møteplasser, og deltids- og sommerjobber
16.5.2 Opprette en tilskuddsordning til nærmiljøarenaer i utsatte områder
16.5.3 Kunnskap om effekter av lokalsamfunnsarbeid
Kapittel 17 Bosetting av flyktninger, s. 257
17.4.1 Nytt kriterium om at flyktninger ikke bør bosettes i utsatte områder

Vedtakskompetanse

Reglement for fylkesutvalet punkt 7: Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med unntak av dei sakene kor hovudutvala kan gi høyringsuttale

Vurderingar og verknader

Økonomi: Det er vanskeleg å gje ei vurdering av kva konsekvensar utgreiinga og føreslegne tiltak vil kunne ha innan økonomiområdet.

Klima: Det er vanskeleg å gje ei vurdering av kva konsekvensar utgreiinga og føreslegne tiltak vil kunne ha innan klimaområdet.

Folkehelse: På sikt kan implementering av tiltak som er føreslegne i NOU 2020: 16 bidra til å redusere sosial ulikskap.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Forslag i NOU 2020: 16 kan knytast opp mot FN sine berekraftsmål («Leaving no one behind») ved å ha søkelys på inkludering av marginaliserte grupper i samfunnet. Såleis støttar føreslegne tiltak også opp mot mål og strategiar i utviklingsplanen.

Fylkesrådmannen meiner at NOU 2020:16 bidreg med mange interessante perspektiv og viktig kunnskap som er relevant for folkehelsearbeidet i byar-/bykommunar. Fylkeskommunane har eit ansvar i arbeidet med å utjamne sosial ulikskap og motarbeide opphoping av levekårsproblem. Fylkeskommunen har ei sentral rolle som rettleiar og rådgjevar ovanfor kommunane innan samfunns- og arealplanlegging, jf. Plan og bygningsloven. Det same gjeld det lovpålagde ansvaret som følgje av Lov om folkehelse. Fylkeskommunane kan òg ei viktig rolle med å koordinere innsatsen frå ulike aktørar i lokalsamfunn (kap 1.1.4). Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, byggjer på FN sine berekraftsmål. I utviklingsplanen er mål 3 og 4 særleg relevant i denne samanheng: *Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, og Like moglegheiter til å delta i verdiskapinga.*

Det er trong for auka kunnskap og merksemd om kva som gjev gode og berekraftige samfunn i alle ledd av samfunnsplanlegginga. I fylkeskommunen sitt folkehelsearbeid opplever vi at innbyggjarane er opptekne av lokalsamfunn og nærmiljø. Det er stor vilje og trong til å utvikle eigne nærområde. Gjennomgåande er tilbakemeldingane ønskje om gode lokalsamfunn der folk trivast, kjenner seg trygge og har lyst til å bu. NOU 2020:16, med tilhøyrande underutgreiingar, er eit viktig bidrag til vårt og lokalsamfunna sine behov for kunnskap og merksemd. Fylkesrådmannen ser det som viktig å prioritere og å førebygge levekårsutfordringar. FN sine berekraftsmål er avhengige av kvarandre. Den sosiale dimensjonen må ha like sterkt søkelys som dei andre om vi skal lukkast med å nå berekraftsmåla.

Fylkeskommunen er nemnd som aktør under to punkt som i kapittel 13 *Barnehage, skole og andre tjenester til barn og unge* der det vert referert til vidaregåande skule. Elles er fylkeskommunen si rolle nærmast fråverande i NOU 2020: 16. Til dømes i:

- rolla som samfunnsutviklar
- som ein av dei viktigaste samarbeidspartnarane for kommunane når det gjeld å skape gode lokalsamfunn for alle
- nye ansvarsområde som eit resultat av regionreforma.

Vi viser til *Innst. 119 S (2018-2019) Oppgaver til nye regioner. Nye ansvarsområde når det gjeld integrering av innvandrarar*: Stortinget vedtok at ansvaret til fylkeskommunane på integreringsområdet skal styrkast ved å overføre oppgåver og ansvar på område der fylkeskommunane har ei rolle. Fylkeskommunane skal i større grad bidra til at flyktningar og innvandrarar blir kvalifiserte til å møte regionale behov for arbeidskraft. Integreringsoppgåver som vart overført frå staten til fylkeskommunar er:

- Tilskotsordningane: *Jobbsjansen del B*, mentor- og traineeordningar og etablereroppplæring for innvandrara.
- Busetjing: Fylkeskommunen får ansvar for kapasitetsstyringa i busetjingsarbeidet og skal, innanfor ramma av nasjonale kriterium for busetjing, vurdere og tilrå kor mange flyktningar som bør busetjast i den enkelte kommunen. Flyktningar skal busetjast i område der dei kan komme i arbeid og få tilbod om nødvendig utdanning og kompetanseheving.
- Førebygging av negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting: Fylkeskommunen får ansvaret for å førebygge negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting gjennom å bygge nettverk, dele kompetanse og samarbeide med relevante styremakter og andre aktørar på regionalt og kommunalt nivå.
- Rettleiing og kompetanseheving av kommunane i kvalifiseringsarbeidet deira: Fylkeskommunen får, innanfor ramma av nasjonal integreringspolitikk, ansvar for å følgje opp kommunane i arbeidet med kvalifisering av flyktningar, der arbeidet er stadavhengig, og kjennskap og nærleik til kommunane bidreg til betre oppgåveløysing.
- Samarbeid med regionale sektorstyresmakter og fylkeskommunar: Fylkeskommunen får ansvar for å samarbeide om kvalifisering og integrering av innvandrara med sektorstyresmaktene på regionalt nivå.
- Regional oppfølging: Fylkeskommunen får ansvar for å følgja opp arbeidet med frivillige organisasjonar og samfunnsdeltaking på regionalt nivå.

I rapporten vert det vist til fleire arenar (s. 263) som er viktig for å sikre gode lokalsamfunn for alle. Desse er:

- Fritid, deltaking og lokalsamfunn
- Fritids- og kulturtilbod og lokale arenaer
- Frivilligorganisasjonar
- Verkemiddel på kultur- og fritidsfeltet
- Idrettsanlegg, lokale kulturarenaer og kommunale bygg
- Lokalt frivillig integreringsarbeid
- God praksis for deltaking og inkludering
- Biblioteka som inkluderingsarena
- Lokalsamfunn blir bygt ovanfrå og nedanfrå
- Styrke tilbodet til ungdom - fritidsaktivitetar, møteplassar og deltids- og sommarjobbar

På alle desse områda har fylkeskommunane ei viktig rolle og bidreg mykje.

Konklusjon

Perspektiv og forslag til tiltak som er gjort greie for i NOU 2020: 16 *Levekår i byer. Gode lokalsamfunn for alle* bidreg med gode perspektiv og forslag som gjeld sosial utjamning. Dette i høve tiltak som gjeld opphoping av personar med innvandrarakgrunn og levekårsutfordringar i større byar. Fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar og samarbeidspart for (by-)kommunane er mangelfullt omtala i NOU 2020: 16. Innst. 119 S (2018-2019) *Oppgaver til nye regioner* viser til dei vedtekte integreringsoppgåver som er overført frå staten til fylkeskommunane. Det ville styrka NOU 2020: 16 om desse oppgåvene og fylkeskommunen si rolle hadde blitt tekne med i rapporten.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, SV, V fram slikt forslag:

(a) «Tillegg - nytt punkt 2

Utan å ta stilling til alle forslag frå utvalet, vil fylkesutvalet peike på kor viktig det er med tiltak og politiske føringar som motverkar sosial ulikskap og segregering, samtidig som ein har respekt for mangfald av løysingar og kultur inn i inkluderingsarbeidet. Utvalet løftar fram familien som den viktigaste ramma rundt borna sine liv og utvikling, derfor må tiltak som støttar og styrker familiane vektleggast. Fylkesutvalet vil peike på at utfordringar om gode levekår ikkje kan isolerast til miljø knytt til innvandrarar. Men for denne gruppa vil norskkunnskapar, i tillegg til andre tiltak, vere avgjerande. Tilgang til rimelege og gode bustader og byutvikling er, saman med mogelegheit for utdanning og arbeid, kanskje dei viktigaste drivarane for betra levekår.»

(b) «Alternativ punkt 1

endre "interessante perspektiv" til "gode perspektiv" (linje 2)»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Brosvik sine forslag (a) og (b) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at NOU 2020:16 Levekår i byer. Gode lokalsamfunn for alle. bidreg med mange gode perspektiv og viktig kunnskap som er relevant for folkehelsearbeidet i byar-/bykommunar.
2. Utan å ta stilling til alle forslag frå utvalet, vil fylkesutvalet peike på kor viktig det er med tiltak og politiske føringar som motverkar sosial ulikskap og segregering, samtidig som ein har respekt for mangfald av løysingar og kultur inn i inkluderingsarbeidet. Utvalet løftar fram familien som den viktigaste ramma rundt borna sine liv og utvikling, derfor må tiltak som støttar og styrker familiane vektleggast. Fylkesutvalet vil peike på at utfordringar om gode levekår ikkje kan isolerast til miljø knytt til innvandrarar. Men for denne gruppa vil norskkunnskapar, i tillegg til andre tiltak, vere avgjerande. Tilgang til rimelege og gode bustader og byutvikling er, saman med mogelegheit for utdanning og arbeid, kanskje dei viktigaste drivarane for betra levekår.
3. Ved regionreforma pr 1. januar 2020 vart fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar framheva som vesentleg. Vi kan ikkje sjå at denne rolla er vurdert og omtala i nemnande grad. Vi vil peike på at fleire av dei utfordringane som er utgreidd fell innanfor område der fylkeskommunen har verkemiddel og kompetanse til å bidra. Vi meiner utgreiinga ville ha vore styrka dersom dette vart innarbeidd.